



Hafslo, 25.04.2023

## Referat FAU HBUS

Tysdag 25.04.2023 kl.19:00 – ca. kl. 21:00

Stad: Møterom 222 HBUS

Til stades: Hilde Holte Selland, Karin Street, Tonje Været, Ann Kristin Torgersen, Ine Jeanett Skjerven, Monika Reime, Anne Therese Moen, Linda M. Hagelin og Øyvind Oksnes.

Fråfall: Tomas Kjørlaug, Linda Brunborg.

Sakliste:

41/22-23: Gjennomgang av referat frå førre FAU-møte.

42/22-23: Gjennomgang/endring av «styrande dokumenter»

- a) Det er foreslått å flytte årsmøte frå haust til vår, dette vil medføre at vedtekter må endrast, dette må gjerast på ekstraordinært årsmøte. Dette vil også krevje endring av Handbok for foreldrerepresentantar, Årshjul og muligens også Forventningar skule – heim. Ein representant frå FAU blir med på foreldremøtet for det nye kullet som skal byrje på skulen for å informere om FAU sitt arbeid. Sjå forslag til tidslinje i vedlegg 42a og nye vedtekter i 42b, ingen innsigelsar på forslaget. Legg det fram på årsmøtet.

b) Innspel til gjennomgang av «handbok for foreldrerepresentantar HBUS»;

Det bør komme inn eit avsnitt om økonomiansvarleg i håndboka. FAU lagar forslag på eit eige avsnitt om økonomiansvarleg, sender det ut på høyring på e-post i etterkant. Punkta om gåver blir fjerna, og ein ny tekst blir formulert.

c) Leiar lagar utkast til info skriv som sendast til foreldra til elevane i kull 2017 ( neste års 1.klasse), dette sendast ut i forkant av foreldremøte i Mai. Bør leggast ved innkallinga til møtet frå skulen.

Dette vert lagt ut på heimesida.

43/22-23: Planlegging av vårdugnad.

Vårdugnad blir tysdag 09.05 KL.17.30. Oppfordra elevar på ungdomsskulen til å delta.

Må få ei liste over arbeid frå vaktmestar.

44/22-23: Trafikktrygging:

a) Hjartesone/droppsone:

Merking: Ikkje fått svar frå kommunen, men har vidaresendt det til vaktmestaren.

Åpning må me komme tilbake til når merkinga er komen på plass.  
Video kan lagast til hausten når merking er på plass.

45/22-23: Gratisprinsippet.

Dette er løyst slik: Saka gjeld pizzasal på ungdomsskulen (9.klasse – inntekt til klassesetur). Det er gjennomført ei undersøking i 9.kl på kor mange foreldre som vil vere med å bake pizza. Kontaktlærarane har informasjon om kven som bakar og administrerer dette. For at intervallet ikkje skulle auke, vart det bestemt at pizza salet berre skal vere annakvar veke, og prisen auke til 20 kr (opp 5kr).

FAU vil løfte dette med gratisprinsippet på foreldremøte til hausten, for å få innspel frå foreldre (vil gjelde baking – turar etc). Vidare må det arbeidast med å få noko prinsipielt frå kommunen på dette som gjeld for alle skular i Luster. FAU vil lage eit skriv som ein sendar til oppvekstsjefen der ein ber om nokre prinsipielle avklaringar. Leiar ynskjer at nokon andre i FAU tek hovudansvar for denne saka, helst nokon som skal være med til neste skuleår.

46/22-23: Orienteringssaker:

- a) Orienteringar frå rektor: Har hatt fotografering på skulen. To nye elevar sidan sist. Personale er på plass til hausten. Informerar nærmare på neste møte. Informerar om bruk at uteområdet, viktig at alle ivaretak området rundt skulen for å unngå undødvendigt vedlikehold. Bør ha gode køyreregler for bruk av området. Kan arbeidslivsfag lage eit skilt med ordensreglar? Ta oppatt tråden med bygdalaget vedrørande dette.
- b) Orienteringar frå andre:..

47/22-23: Organisering av FAU-møter.

- Det er ynskeleg at rektor er med på deler av møtet, men ikkje heile. Fortset med todelte møter framover.